

---

**Fra:** Victor Ebbesvik <Victor.Ebbesvik@ks.no>  
**Sendt:** 5. januar 2017 09:47  
**Til:** Fjell kommune (postmottak@fjell.kommune.no); Fusa kommune (postkasse@fusa.kommune.no); 'Førde kommune'; 'Gaular kommune'; Granvin kommune (postmottak@granvin.kommune.no); Jondal kommune (post@jondal.kommune.no); 'Jølster kommune'; Postmottak Lindås; Postmottak Meland; 'Naustdal kommune'; Postmottak Radøy; 'Os kommune Hordaland'; 'Sund kommune'; 'Ullensvang kommune'; 'Voss kommune'; 'Øygarden kommune'; post@odda.kommune.no; postmottak@sokndal.kommune.no; post@eigersund.kommune.no; post@forsand.kommune.no; postmottak@sandnes.kommune.no; fmhooba@fylkesmannen.no  
**Kopi:** Kristine Hernes  
**Emne:** Innbyding til administrativ prosessamling - kommunereforma  
**Vedlegg:** Program administrativt prosessnettverk.docx

**Ber om at denne e-posten vert vidaresendt til Rådmannen i dykkar kommune**

Til kommunane:

- Fjell, Sund og Øygarden
- Fusa og Os
- Lindås, Meland og Radøy
- Odda, Ullensvang og Jondal
- Voss og Granvin
- Eigersund og Sokndal
- Sandnes og Forsand
- Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- 

Til Fylkesmennene i:

- Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

**INNBYDING TIL ADMINISTRATIV PROSESSAMLING FOR KOMMUNAR SOM SKAL SLÅ SEG SAMAN.**

Syner til tidlegare e-post til dykk, dagsett 25.november, med melding om at KS Vest innbyr dykk til å etablere eit administrativt nettverk for dei kommunar som har vedteke å slå seg saman. Føremålet er å utveksle erfaringar kommunane i mellom, samt å erverve seg ny kunnskap.

Dette nettverket kjem i tillegg til de sentrale seminara(i alt 4) som KS skipar til saman med KMD og arbeidstakarorganisasjonane. Den siste av desse samlingane er i slutten av april. Vår ambisjon er at det nettverket vi no innbyr til skal vare fram mot at dei nye kommunane er etablerte.

Første samling er **19. januar kl. 10-15 i Hordalands fylkeskommune sitt bygg i Bergen, Agnes Mowinckelsgt. 5.**

Vi innbyr i utgangspunktet ein person frå kvar kommune. Vi retter denne invitasjonen til rådmannen, men det er opp til dykk kven som skal delta. Det kan til dømes og vere ass.

Rådmann/prosjektleiar/koordinator for samanslåingsprosessen.

Ein representant frå kvart fylkesmannsembete vert og invitert.

KS Vest har ansvar for nettverket, men vi samarbeider med KS Konsulent. Seniorrådgjevar Kristine Hernes frå konsulentfirmaet vil difor fungere som prosessleiar for samlingane.

Eit av måla med nettverket er å dele kompetanse. *Vi ber difor kvar einskild samanslåing førebu eit innlegg på 5-10 min. om kva som er status hos dykk.*

Av omsyn til tinging av lunsj ber vi om at de melder tilbake til: [victor.ebbesvik@ks.no](mailto:victor.ebbesvik@ks.no) innan **måndag 16. januar** kven som ønskjer å delta.

Vedlagt følgjer program for første samling. For seinare samlingar er det deltakarane som sjølve i større grad må setje dagsorden, bestemme kor ofte ein vil møtast m.v. Dette vert eit tema på første samling.

### Vi ønskjer dykk vel møtt !

Beste helsing  
KS Vest

Victor Ebbesvik  
Seniorrådgjevar  
Senior Advicer

Epost Email: [victor.ebbesvik@ks.no](mailto:victor.ebbesvik@ks.no)  
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00  
Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73  
<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities